3. Utvikling og mål i planperioden

Utfordringar

Det overordna målet for perioden er drift i balanse - å sikre god økonomisk styring og kontroll, og å tilpasse tenestetilbodet i høve til økonomiske rammer.

Dei nasjonale utfordringane er knytt til reformarbeid, digitalisering og overføring av statlege oppgåver til kommunane. Overføring av oppgåver inneber mellom anna auka ansvar for rehabilitering og lokal behandling av fleire somatisk og psykisk sjuke pasientar. Dette gir behov for fleire tilsette og auka spesialisert kompetanse innanfor helse- og omsorgstenestene. Samtidig løyser det ut behov for, og stiller større krav til tverrfagleg samarbeid og heilskapleg tenking kring behandling.

Dei lokale utfordringane er knytt til høg lånegjeld og til å sikre ei berekraftig økonomisk utvikling. Frå 2017 er Giske innmeld i ROBEK, registeret for kommuner som får særskild økonomisk oppfølging frå staten. Innmeldinga i ROBEK inneber skjerpa fokus på økonomistyring. Kommunen må godtgjere at balansen i økonomiplanen er i samsvar med kravet i kommunelova, dvs. at det er realisme i budsjetteringa. Realisme inneber at inntektene dekker forventa utgifter, og at forventa utgifter gir forsvarleg drift. Vidare er det utfordrande å dekke det auka kompetansebehovet, særlig gjeld dette innanfor helse og omsorgssektoren.

Mål og muligheiter

- vidare satsing på digitalisering og auka bruk av teknologi i tenesteytinga - gevinstrealisering
- auka bruk av sjølvbetjente løysingar og automatiserte tenester
- vidare fokus på tverrfagleg samarbeid i og mellom fagområde - koordinerte tenester
- vidare gjennomgang av organisering og tenestenivå for å sikre at dette er tilpassa den økonomiske situasjonen kommunen er i. Vurdere yttarlegare strukturendringar.
- styrke samarbeidet med NAV i form av prosjektet "Ressursar finn kvarandre" .
- styrka fokus på internkontroll og kvalitetsarbeid.
- vidare organisasjonsutvikling gjennom:
    - implementering av prosjektet "Omstilling av fellesfunksjonar i Giske kommune". Ny organisering og arbeidsfordeling mellom stab og linje skal iverksetjast.
    - gjennomgang av og forbetring av overordna HMS-system. Dette inkluderer utrulling av digital HMS-handbok og leiaropplæring i HMS.
    - nytt arbeidsgivarpolitisk dokument.
    - Intensivering av innsats for å sikre rett kompetanse, særleg innan pleie og omsorg.
    - styrka fokus på arbeidsmiljø, heiltidsstillingar og redusert sjukefråvær
    - styrka leiarkompetanse.